

7. klasse hadde ein verdig og fin avslutningsfest.

18.06.2020



7.klasse med kontaktlærer og assistent på avslutningsfesten.

I går hadde vi avslutningsfest for 7.klassen på skulen vår. Det vart ein noko annleis fest enn vi har hatt tidlegare, men det vart ei kjekk stund. Elevar frå 7.klasse hadde sjølve hatt ansvar for planlegginga av festen, med bestilling og innkjøp av mat, drikke, kake, blomar og anna naudsynt festutstyr. Med eige festbudsjett og anna planlegging av logistikk, så var det ei utfordrande oppgåve, men det tok elevane på strak arm.

I går fekk avgangselevane sova litt frampå, og ta seg god tid til frukosten. Medan dei kosa seg heime, sette elevar frå 6.klassen i stand festlokalet. Elevane frå 6.kl tok og imot avgangselevane i døra med ein velkomstdrink då dei kom, og dei serverte og rydda etter festen. Flott innsats frå elevane i 6.klassen!

Etter matstunda var det talar. Alle elevane hadde skrive kvar sin tale, til kvarandre og til lærarar og skulen. Mange gode minne og gode ord frå alle saman. Vi avslutta med ei lita gåveutdeling, der ein sprek gjeng fekk kvar sin turkopp og ei rose som ei lita avskjedsgåve frå skulen. Lykke til vidare i livet, de kjem alle til å klara dykk godt!

Tekst/foto: Odd Steinar Arnesen - rektor
 Nett: Kristian Bringedal